

Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Quality Sogndal hotel - 2 dagars møte
Dato:	22.09.2021
Tid:	09:00 - 13.10

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dan Stian Femoen	Leiar	H
Lars Fjeldstad	Nestleiar	SP
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Iiril Kirstine Schau Johansen	Medlem	H
Odd Erik Lind	Medlem	FNB
Jostein Ljones	Medlem	SP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ingrid Handeland	Medlem	V

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Klaus Arne Iversen	Ingrid Handeland	V

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svandsen	Avdelingsdirektør for organisasjon og økonomi, PS 54/41 - 55/21, RS 55/21
Knut Roald	Fungerande personvernombod, PS 54/21
Nils Egil Vetlesand	Seksjonssjef Økonomi, PS 55/21
Marianne Vara	Rekneskapsjef, PS 55/21
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor i Deloitte
Ingrid Kalsnes	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef i Vestland fylkeskommune
Einar Ulla	Seniorrådgjevar i sekretariat for KUV i Vestland fylkeskommune

Dan Femoen
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Einar Ulla
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 9/21 GK 10/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte	2020/1065	
Referatsaker			
RS 47/21 RS 48/21	FKT - Medlemsinformasjon juni 2021 Svar på spørsmål frå representanten Irill S. Johansen om TkVest	2020/777 2021/21892	
RS 49/21 RS 50/21	Tilbakemelding frå TK-Vestland på PWC-rapport Vedtak i TING 16.06.21 Revidering reglement for folkevalde organ	2020/48608 2020/46293	
RS 51/21	Vedtak i TING 16.06.21 Revidering forskrift for økonomisk godtgjering mv	2020/46293	
RS 52/21 RS 53/21 RS 54/21 RS 55/21 RS 56/21	Vedtak i TING 16.06.21 rapport tannhelse Vedtak i TING 16.06.21 årsrekneskap 2020 Invitasjon til Kontrollutvalgslederskolen 2021 Oppfølging av vedtak frå møte 14.06.2021 Svar på spørsmål om inntak til vidaregåande skular på særskilt grunnlag	2020/48608 2020/46484 2020/777 2021/46598 2021/45041	
Politiske saker			
PS 54/21	Fylkeskommunedirektøren orienterer om status i høve arbeid med ny personvernlov	2020/858	
PS 55/21	Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS	2020/46484	
PS 56/21	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2020 - uttale frå revisor	2020/46484	
PS 57/21	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2021	2020/46484	
PS 58/21	Budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune 2022	2020/61449	
PS 59/21	Møteplan i 2022 for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune	2020/71475	
PS 60/21 PS 61/21	Evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger Handlingsplan punkt 11 - Forvaltningsrevisjon innan tannhelse	2020/776 2020/48608	
PS 62/21	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik	2020/48610	
PS 63/21	Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar - Status i arbeidet ved Deloitte	2020/75285	
PS 64/21	Forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa - Status i arbeidet ved Deloitte	2021/16089	
PS 65/21	Forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga - Status i arbeidet ved Deloitte	2021/16091	
PS 66/21	Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedriftene - Status i arbeidet ved Deloitte	2021/16093	
PS 67/21 PS 68/21	Gjennomgang av møteprotokollar Eventuelt	2020/44278 2020/37320	

Godkjenningssaker

GK 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Møtet starta med behandling av sakene PS 55/21, PS 54/21, RS 55/21 og PS 59/21. Deretter vart resterande saker behandla i oppsett rekkjefølgje.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 10/21 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Klaus Iversen stilte spørsmål angående vedtak i sakene PS 49/21 og PS 51/21. Iversen sender spørsmåla til sekretariatet for svar i neste møte. Spørsmåla var ikkje relevante for godkjenning av protokollen, slik at protokollen frå møte 14.06.2021 kunne godkjennast slik den var lagt fram.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 14.06.2021 vart samrøystes vedteke.

Referatsaker

RS 47/21 FKT - Medlemsinformasjon juni 2021

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 48/21 Svar på spørsmål frå representanten Irill S. Johansen om TkVest

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 49/21 Tilbakemelding frå TK-Vestland på PWC-rapport

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 50/21 Vedtak i TING 16.06.21 Revidering reglement for folkevalde organ

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 51/21 Vedtak i TING 16.06.21 Revidering forskrift for økonomisk godtgjering mv

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 52/21 Vedtak i TING 16.06.21 rapport tannhelse

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 53/21 Vedtak i TING 16.06.21 årsrekneskap 2020

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 54/21 Invitasjon til Kontrollutvalgslederskolen 2021

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, er påmeld kontrollutvalsleiarskolen.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 55/21 Oppfølging av vedtak frå møte 14.06.2021

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Fylkeskommunedirektøren vert bedt om å kome i neste møte i kontrollutvalet for å orientere om kva som er vurdert av tekniske løysingar, slik at det er anledning for anonym varsling.

RS 56/21 Svar på spørsmål om inntak til vidaregåande skular på særskilt grunnlag

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 54/21 Fylkeskommunedirektøren orienterer om status i høve arbeid med ny personvernlov

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå fylkeskommunedirektøren om status i høve arbeidet med personvernlov til orientering.
2. Kontrollutvalet ser med uro på at det har vore så stor utskifting i den viktige rolla som personvernombod sidan Vestland fylkeskommune vart etablert.
3. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i høve dette arbeidet til kontrollutvalet sitt første møte i 2022. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 17.01.2022

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Fungerande personvernombod, Knut Roald, orientere munnleg om status i høve ny personvernlov og svarte på eventuelle spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå fylkeskommunedirektøren om status i høve arbeidet med personvernlov til orientering.
2. Kontrollutvalet ser med uro på at det har vore så stor utskifting i den viktige rolla som personvernombod sidan Vestland fylkeskommune vart etablert.
3. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i høve dette arbeidet til kontrollutvalet sitt første møte i 2022. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 17.01.2022

PS 55/21 Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Avdelingsdirektør organisasjon og økonomi, Ingrid Kristine Holm Svendsen, orienterte om oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå avdelingsdirektør for organisasjon og økonomi om oppfølging av revisjonsrapport nr. 2, til vitande.

PS 56/21 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2020 - uttale frå revisor

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga til etterretning

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Rekneskapsrevisor, Espen Hordvik, presenterte revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga for 2020 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga til etterretning

PS 57/21 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2021

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risiko- og vesentlegvurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2021 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 29.11.2021 med frist for levering til sekretariatet 08.11.2021.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale for resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapan for 2021 skal behandlast, normalt i mai-møtet i 2022, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Rekneskapsrevisor, Espen Hordvik, presenterte revisjonsplan og risiko- og vesentlegvurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2021 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risiko- og vesentlegvurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2021 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 29.11.2021 med frist for levering til sekretariatet 08.11.2021.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale for resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapa for 2021 skal behandlast, normalt i mai-møtet i 2022, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 58/21 Budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune 2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune 2022 slik det ligg føre.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i fylkestinget.
3. Fylkestinget gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Kontrollsjef, Hogne Haktorson, presenterte forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2022 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Klaus Iversen la fram følgjande endringsforslag:

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune 2022 med eit tillegg på kr. 500 000, som skal gå til eventuelle ekstra tiltak/kontrollar.

Endringsforslaget frå Iversen fekk to stemmer, Iversen og Lind, og vart dermed ikkje vedteke.

Forslaget frå sekretariatet fekk fem stemmer, Femoen, Fjeldstad, Ljones, Schau Johansen og Møgster Klepsvik, og vart vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune 2022 slik det ligg føre.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i fylkestinget.
3. Fylkestinget gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

PS 59/21 Møteplan i 2022 for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Forslag til møteplan for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2022 vert godkjend slik den ligg føre.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag til møteplan for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2022 vert godkjend slik den ligg føre.

PS 60/21 Evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i nota frå fylkeskommunedirektøren dagsett 11.08.2021 når det gjeld evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i nota frå fylkeskommunedirektøren dagsett 11.08.2021 når det gjeld evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger og seier seg ferdig med saka.

PS 61/21 Handlingsplan punkt 11 - Forvaltningsrevisjon innan tannhelse

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen er komme godt i gang med forbetningsarbeidet for punkt 11 etter forvaltningsrevisjon innan tannhelse, men ser at det framleis er ein del arbeid som står att.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkt 11 i forvaltningsrevisjonen til første møte i kontrollutvalet i 2022 med frist for levering til sekretariatet innan 17.01.2022.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen er komme godt i gang med forbetningsarbeidet for punkt 11 etter forvaltningsrevisjon innan tannhelse, men ser at det framleis er ein del arbeid som står att.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkt 11 i forvaltningsrevisjonen til første møte i kontrollutvalet i 2022 med frist for levering til sekretariatet innan 17.01.2022.

PS 62/21 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen har gjort noko meir forbetningsarbeid sidan sist rapportering men at det framleis er slik at det er ein del arbeid som står att.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i kontrollutvalet i 2022 med frist for levering til sekretariatet innan 24.01.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at statusrapporteringa inneheld svar på tilråding 4 og at det vert tidfesta når det er planen at arbeidet med alle tilrådingane skal vera ferdig, jf. punkt 7 i vedtaket frå fylkestinget 15.12.2020.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen har gjort noko meir forbetningsarbeid sidan sist rapportering men at det framleis er slik at det er ein del arbeid som står att.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i kontrollutvalet i 2022 med frist for levering til sekretariatet innan 24.01.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at statusrapporteringa inneheld svar på tilråding 4 og at det vert tidfesta når det er planen at arbeidet med alle tilrådingane skal vera ferdig, jf. punkt 7 i vedtaket frå fylkestinget 15.12.2020.

PS 63/21 Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Prosjektet er litt forsinka på grunn av seine tilbakemeldingar frå fylkeskommunen.

Dette resulterer i at ny ferdigdato vert sett til 08.11.2021

Det vart og orientert om at det er gått med nokre ekstra timar, men ein vil i første omgang sjå om desse kan takast inn att i andre fasar av prosjektet.

Forslag til vedtak, samt dato for ferdigstilling, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, og aksepterer at ny ferdigdato vert sett til 08.11.2021

PS 64/21 Forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 65/21 Forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 66/21 Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedriftene - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, orienterte om status i arbeidet med eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarkedsbedriftene og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 67/21 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- | | |
|--|--------------------------------------|
| • Fylkestinget | 16.-17-06.2021 |
| • Fylkesutvalet | 15.06., 22.06., 12.08. og 24.08.2021 |
| • Hovudutval for opplæring og kompetanse | 15.06., 10.08. og 08.09.2021 |
| • Hovudutval for samferdsel og mobilitet | 15.06. og 08.09.2021 |
| • Hovudutval for næring | 24.06. og 08.09.2021 |
| • Hovudutval for kultur, idrett og integrering | 14.06. og 08.09.2021 |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 68/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Møtet i kontrollutvalet i Sogndal var eit 2-dagars møte. Dag 1 besøkte kontrollutvalet Sogndal vidaregåande skule, Vitensenteret ViteMeir og Sogndal kommune. Dag 2 vart det halde møte i kontrollutvalet.

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.09.2021

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.